



Notat

Dato: 19.09.2018
Arkivsak: 2018/13490-3
Saksbehandlar: rolrose

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Rekneskap ved sal av Løfallstrand ferjekai

Under handsaming av referatsak 128/2018 i fylkesutvalet den 30. august 2018, sette representanten **Benthe Bondhus** (SP) fram slik forslag:

Ber om å få framlagt rekneskap for denne overdraging til neste møte i fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen kan opplysa fylgjande. For å sikra areal til utbetring/utviding av Fv 551 Løfallstrand-Årsnes vart det føreteke grunnnerverv frå grunneigar Karen Løvfall Våge. Oppgjeret var som fylgjer:

Erstatning for bygning, herunder flytte og tilpassningsutgifter	kr 2.150.000
Fråtrekk for verdien av gamle Løfallstrand ferjekai	kr 1.500.000
Til utbetaling	kr 650.000

Som delerstatning for bygget inngår den del av Løfallstrand ferjekai som eigedommen gnr/bnr 77/2 avstod i samband med etablering av ferjekaien. Statens vegvesen syter for overføring av dette arealet til grunneigar, og ber kostnaden med dette. Arealet vert overført med påståande bygningar. Rettar og plikter som påkviler arealet fylgjer med.

I tillegg til dette vart det avtala å betala kr 60.000 i erstatning til same grunneigar for avståing av naudsynt grunn og rettार i samband med utbetring av nemnde fylkesveg.